

Møtereftrat

Møte: Tlf møte AU Midt
Tid/Sted: Onsdag 03.10.18 kl 9 – kl 11
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Trude Sandstad Eldnes, Bård Tore Berntsen, Sverre Tyldum, Kolbjørn Frøseth, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU Midt, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 03.10.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styret Olav Håkon orienterte om resultatutvikling. Gåvepensjon vert utgiftsført i 2018 og ikkje over fleire år som tidlegare. Energiske nye sals- og distribusjonssjefar. Forbettringsprogrammet: Betring på papp og distribusjon, lågare svinn, lagerverdi tatt ned. Daglegvare ned 2 % hittil i år.</p> <p>NOVA: Oppstart Malvik denne veka, ekspedisjon har vore utfordring, ellers OK. Kostnad med utsetjing av implementeringa. Struktur: Auka effektivitet på slakting og skjering. Smågris: Kostbar situasjon for Nortura, skal sjåast på korleis det kan løysast. Totalmarknad: Storfe nærmar seg marknadsbalanse. Langtidsprognose vert offentleggjort. Margin på marknadsbalanse: Bruke importkvoter som balansetiltak? Avklaring om importkvotene må takast inn. Innovasjonsprogrammet: Endra varevegar for å nå forbruker i framtida. Noridane: Strammare retningslinjer for import ved markedsdekning.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Importkvoter: Korleis skal vi kommunisere ut dette, Nortura får urettmessig kritikk. Internkommunikasjon i form av eigarbrev er greitt, men vi treng også å kommunisere mot kundar og forbrukar i media.• Import som balansetiltak: Er tanken å nytte dette i periodar av året det er underskot?• Skal vi produsere for ein 100 % marknad, eller for ein 90 % prosent marknad og supplere med import?• Import av småfe frå New Zealand no, når småfe vert brukt til pelsdyrfôr, er vanskeleg. Dette er krevjande å skape forståing for. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Orientering om utredning skjering Nortura Steinkjer Ei arbeidsgruppe ser på om det er mogeleg, og eventuelle konsekvensar av å flytte skjering til andre Nortura-anlegg. Lars Morten og Sverre er invitert til eit møte med ordførar i Steinkjer på fredag.</p> <p>Roy orienterte om at fabrikkssjef Torben Holm Pedersen ikkje fekk til å delta i AU-møtet pga møte i arbeidsgruppa. Er fortsatt i prosess, vert jobba med fleire effektivitetstiltak i konsernet.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Mandatet går på nedlegging av skjeringa på Steinkjer. Hypotesen er at det	

er mest effektivt for Nortura. Ser på korleis andre anlegg kan ta over skjeringa. Evt auka skjerevolum på Steinkjer er ikkje ein del av oppgåva. Sverre fått info om at alle skjerebedriftene driv godt, men må ta ned kostnaden på skjering i Nortura for å vere konkurransedyktig. Viktig å vere der marknaden er.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 3 **Status aktivitetsplanlegging i ressursgruppene, samt høyring i kretsane**
Det har vore gjennomført møter i ressursgruppe småfe 12.09, storfe 19.09, egg 24.09, gris 26.09, samt kylling.

Aktivitetsplan 2019 er utsendt til kretsutvala saman med kretsmøteplanen, og med oppfordring til møter i kretsutvala for innspel.

Brit Kari har planlagt møte i Ny Giv-kretsutvala Hustadvika, Neset/Sunndal/Tingvoll og Molde og omegn 16.10, og med Ny Giv-kretsutvala Namsos/Fosnes, Lierne/Namsskogan/Røyrvik og Sentrale Namdal 22.10. Ikkje mottatt nokon innspel frå kretsane enno, frist 20. oktober.

Innspel/kommentarar:

- Innan innan onsdag 10. skal alle i AU ha tatt ein runde med sine kretsar, og skal gje tilbakemelding til Brit Kari.

Vedtak: AU fylgjer opp sine ansvarskretsar innan onsdag 10. slik at flest moglege kretsar har møter i sine kretsutval.

AU

-
- 4 **Planlegging av regionutvalsmøtet 06.11**
Brit Kari orienterte om forslag til innkalling og køyreplan. Fastsetjing av tidspunkt for AU-møte 05.11.

Innspel/kommentarar:

- Knapp tidsramme. Betre å kutte litt. Sak 8 får for kort tid.
- Kan sak 6 og sak 7 slåast saman?
- Kutte bort diskusjonen om marknadssituasjonen eller rådgjevinga?
- Orientering om kylling og egg i bolken til slutt? I sak 6 av Roy?
- Langtidsprognosa kan verte offentleg før RU-møtet.
- Sak 4 gruppearbeid på tilpassing til marknadssituasjonen? Kort innleiing på kvart dyreslag, korte spørsmål og innsamling av svar.
- Rådgjevingssaka: Nokon frå andre org til å innleie 10-15 min til gruppearbeid? Harald Volden? Harald Lein?
- Rådgjeving er langsiktig arbeid. På kort sikt må vi få kontroll på marknadssituasjonen.
- Økonomi- og driftsorientering: Fokus på oppfølging av vedtaka i kretsmøta vedk grossistdistribusjonen, marknadssituasjonen og marknadssituasjon, utgreiinga på Steinkjer, situasjonen for gris – er tiltak no som ikkje har langsiktig verknad. Nye marknader eller færre bønder?
- Skal industrien tilpassast marknaden eller politikken? Marknadsendringar og krav til effektivitet – korleis påverkar det industrien og landbruksproduksjonen?
- Pris på gris no tilseier eksport, men er ikkje godkjende for eksport, vert jobba med dette no. Import av gris kan føre til smitte av afrikansk svinepest. Villsvinjakt også fare for smitte.
- Separate møter for kvart dyreslag før open post, der det kan stillast spørsmål frå i plenum etterpå.
- Gruppearbeidet litt seinare for å bryte opp dagen?
- Invitere med Johan Narum på AU-møtet kvelden før.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med planlegginga av regionutvalsmøtet. Møtet i AU Midt vert frå kl 18 måndag 05.11.

Brit Kari

5 **Orientering frå Medlem region Midt**

Roy orienterte om NOVA: Er i gang på Malvik no, fungerer stort sett greitt, stor arbeidsinnsats. Slit med ekspedisjonen, fekk ikkje ut varer i går, unntatt crossdock til Rema. Avrekning bra kontroll på.

Storfe: Mykje rundt turke og livdyrflyt, roa seg no. Livdyr til SAP i løpet av 2019. Avtakande behov for rådgjeving for nyetablering av ammekyr. Utfordring med klassifisering av ung okse mellom Bjerka og Malvik, vert handtert gjennom utveksling av klassifisørar og oppfølging av Animalia. Malvik ligg omlag på landsmiddelet. Tilførselsauke på 1 % hittil i år.

Gris: Smågrisslakting i gang. Dyrevelferdsprogrammet i gang, med omfattande rapportering. Griseløftet: 2-3 avtalar med produsentar i Midt. Ca 1 % nedgang i tilførslar.

Sau/lam: Noko skyving, 5 000 denne veka og 5 000 neste veke, m.a. pga innføringa av SAP. Veldig god kvalitet på lamma og høgare snittvekter. Nesten ein heil lammering gått til konkurrent pga pelsdyrfôrsaka. Klassifisering Bjerka - Malvik: Retta opp. Håp om auka andel eksport av fersk ukløyvd sau for å redusere slakt til pelsdyrfôr. Kløyving er begrensande faktor. Tilførslar om lag som i fjor.

Inntransport: Jobbar med nasjonalt prosjekt, innstilling i februar 2019. Regionale prosjekt i tilknytning. Transportørar involvert, utfordra til å sjå på samordning. Møte i midten av oktober. Vogntog frå Midt køyrt i Aust ein periode no.

Røros slakteri: Sagt opp avtale med Nortura, Fatland no varemottakar. Jobbast med tilførselsarbeid.

Spørsmål/kommentarar:

- Smågrisslakting: Vert det slakta på 40 kg slaktevekt? Inneber at smågrisprodusenten får fram til 40 kg i smågrisingane, som kan gje utfordring for dyrevelferd?
- Storfe levert Bjerka i forrige veke fekk betre klassifisering.
- Klassifisering småfe: Må kalibrerast også opp mot Rudshøgda, vert opplevd å vere strengare enn Malvik. Eksport av halalslakt som går i null no er bra, men ikkje varig situasjon. Kva med smågris som pelsdyrfôr?
- Lojalitet til Nortura vert testa med pelsdyrfôrsaka – vert opplevd som eit Nortura-tiltak.
- Kva gjer konkurrentane med sau?
- I andre regionar slit dei med tilførslar av gris. Gjort noko for auka tilførslar i Midt-Norge?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

6 **Kontakt med politikarar og besøk på anlegg – korleis løyser vi det?**

Lars Morten orienterte om behov for formelle møter med politikarar. Forslag om at Lars Morten, Ragnar, Brit Kari og Roy lagar eit opplegg for info til politikarar om Nortura og situasjonen for næringsmiddelindustrien, lokal og regional info. Omvisning på anlegga tek for lang tid. Lars Morten og Ragnar står for møta.

Lars Morten,
Ragnar, Roy,
Brit Kari

Innspel/kommentarar:

- Eksport – import situasjon må vere inkludert.
- Involvere Nortura sentralt med Kjell Rakkenes til å lage info pakken
- Eksport av eggpulvert til Russland via Sverige. Må påminnast at det må sjåast på tiltak etter 2020.

Vedtak: Eit info opplegg vert utarbeidd, til bruk for Lars Morten og Ragnar i møter med politikarar.

7 **Orientering frå fagutvala**

Kolbjørn orienterte om at fagutval egg har fokus på omstillinga frå 2024 og spm om omstillingstillegg. Spm kva kjedene og kundane vil betale. Fokus på dyrevelferd frå dyrevelferdsorganisasjonane. Fagleg info viktig, ikkje berre skjønn og følelsar.

Johan Kristian orienterte frå kylling: I august var styret i kyllingringen Midt-Norge på Elverum, med felles møte med kyllingringen Innlandet. Ser på betre utnytting av anlegget, med potensielle inntekter. Sal: Nortura gjennom Norgesgruppen har vekst, betre enn andre aktørar. Viktig at vi gjer det vi kan for Steinkjersanlegget, kan få konsekvensar for produksjonen.

Spørsmål/kommentarar:

- Ressursgruppe gris tydeleg på at kroner pr kilo og totalen for Nortura viktigast.
- Skal vi sjå på dette bedriftsøkonomisk, politisk, matvaresikkerheit, osv?
- Reknar som sjølvfølge at det ikkje berre er Steinkjersanlegget si skjering som skal utgreiast, men heile aktiviteten i Nortura.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 **Eventuelt**

- Lars Morten ynskte at det vart sett dato for tlf møte i planleggingsgruppa for Trøndersk Matfestival; Lars Morten, Olav Håkon, Sverre, Roy og Brit Kari: Tlf møte tysdag 16.10 kl 9 – kl 10.
- Tlf møte i AU Midt tysdag 30.10 kl 12 – kl 13.30 med m.a. status kylling og egg